



NVE ved seniorrådgjevar Magnus Elton Veflen

V år ref:
25/11092- IH

Dykkar ref.

Dato:
07.10.2025

Insteelvane kraftverk. Fråsegn til høyring av spørsmål om konsesjonsplikt

Formannskapet har i møte den 02.10.2025 09:00, i sak 080/25, fatta følgjande vedtak:

Samrøystes vedtak:

Bremanger kommune har følgjande fråsegn til NVE si vurdering av konsesjonsplikt for Insteelvane kraftverk:

- 1. Føresett at tiltaket ikkje råkar tursti ved Insteelvane, eller viktig eller sårbart naturmangfald, og elles ivaretek landskap og estetikk på best muleg måte, vurderer vi at det samfunnmessig er positivt og at allmenne interesser ikkje blir vesentleg skadelidande. Kommunen har då ikkje synspunkt på om NVE bør krevje konsesjonsbehandling.**
- 2. Kommunen føreset at vi får dispensasjonssøknad til behandling for alle tiltak som er i strid med kommuneplanen sin arealdel.**
- 3. Kommunen går ut frå at det blir utført fagleg kartlegging av naturmangfald i tiltaksområda ved Insteelvane og kraftverkstomta.**
- 4. Tiltakshavar bør opprette dialog med kommunen om opprusting av vegen gjennom bygda, med sikte på å bidra til trygge trafikkforhold og god bereevne.**

Klagerett/anke

De har rett til å klage over vedtaket.

Klaga skal først sendast til den driftseininga de får denne meldinga frå. Dersom ikkje driftseininga endrar vedtaket som følgje av klaga, vil ho bli send vidare til klageinstansen for å bli avgjort der.

Klagefrist er 3 veker frå den dagen denne meldinga kom fram. Det er nok at klaga er postlagd innan fristen er ute. Dersom de klagar så seint at det kan vere uklart for oss om de har klaga i rett tid, ber vi dykk oppgje når de mottok denne meldinga.

Adresse
Rådhuset, Postboks
104,
6721 Svelgen

Telefon
57 79 63 00

Org. nr
959 318 166
Bankkontonr:
3776 07
50035

E-post postmottak:
post@bremanger.kommune.no
E-post sakshandsamar:
inger.hilde@bremanger.kommune.no

Internett
www.bremanger.kommune.no

Dersom klaga vert send for seint, er det høve til å sjå bort frå henne. Har de særleg grunn til det, kan de likevel søkje om å få klagefristen forlenga. De bør i tilfelle nemne kvifor klaga er forseinka.

Sjølv om de har klagerett, kan vedtaket vanlegvis setjast iverk straks. De kan likevel søkje om å få iverksetting utsett til klagefristen er ute, eller til klaga er avgjort.

Elles vil sakshandsamar kunne gje nærare informasjon og rettleiing vedkommande klage.

Helsing

Inger Hilde
Arealplanleggjar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til

Firdakraft As
Sfe As

Sørstrandsvegen 227
c/o Sogn og Fjordane Energi
AS Sørstrandsvegen 227

6823
6823

Sandane
Sandane



Bremanger kommune

JournalpostID: 25/9904
Sakshandsamar: Inger Hilde
Dato: 03.09.2025

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
080/25	Formannskapet	02.10.2025

Insteelvane kraftverk. Fråsegn til høyring av spørsmål om konsesjonsplikt

Vedlegg:

Høring - vurdering av konsesjonsplikt for Insteelvane kraftverk - Bremanger kommune - Vestland fylke
Insteelvane - Komplette søknad om konsesjonspliktavurdering inkl vedlegg

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bremanger kommune har følgjande fråsegn til NVE si vurdering av konsesjonsplikt for Insteelvane kraftverk:

1 Føresett at tiltaket ikkje råkar tursti ved Insteelvane, eller viktig eller sårbart naturmangfald, og elles ivaretek landskap og estetikk på best muleg måte, vurderer vi at det samfunnmessig er positivt og at allmenne interesser ikkje blir vesentleg skadelidande. Kommunen har då ikkje synspunkt på om NVE bør krevje konsesjonsbehandling.

2 Kommunen føreset at vi får dispensasjonssøknad til behandling for alle tiltak som er i strid med kommuneplanen sin arealdel.

3 Kommunen går ut frå at det blir utført fagleg kartlegging av naturmangfald i tiltaksområda ved Insteelvane og kraftverkstomta.

4 Tiltakshavar bør opprette dialog med kommunen om opprusting av vegen gjennom bygda, med sikte på å bidra til trygge trafikkforhold og god bereevne.

Bakgrunn for saka:

Kommunen har motteke høyringssak frå NVE, om førespurnad om vurdering av konsesjonsplikt for Insteelvane kraftverk. Frist for uttale er 2. oktober. Kommunen har fått utsett frist til 9. oktober.

Formannskapet 02.10.2025:**Handsaming:**

Ordførar informerte i saka.

Det er ønskjeleg at kommunestyret får ein dag med tema fornybar energi våren 2026, og synfaring på vann - og vindkraft.

FSK- 080/25 Vedtak:**Samrøystes vedtak:**

Bremanger kommune har følgjande fråsegn til NVE si vurdering av konsesjonsplikt for Insteelvane kraftverk:

1. Føresett at tiltaket ikkje råkar tursti ved Insteelvane, eller viktig eller sårbart naturmangfald, og elles ivaretek landskap og estetikk på best muleg måte, vurderer vi at det samfunnmessig er positivt og at allmenne interesser ikkje blir vesentleg skadelidande. Kommunen har då ikkje synspunkt på om NVE bør krevje konsesjonsbehandling.

2. Kommunen føreset at vi får dispensasjonssøknad til behandling for alle tiltak som er i strid med kommuneplanen sin arealdel.

3. Kommunen går ut frå at det blir utført fagleg kartlegging av naturmangfald i tiltaksområda ved Insteelvane og kraftverkstomta.

4. Tiltakshavar bør opprette dialog med kommunen om opprusting av vegen gjennom bygda, med sikte på å bidra til trygge trafikkforhold og god bereevne.


Aktuelle lover, forskrifter avtale mm:
Kommuneplan, arealdelen frå 2024.

Saksopplysningar:


Det er Firdakraft AS, ved SFE, som har sendt førespurnad til NVE om vurdering av konsesjonsplikt for Insteelvane kraftverk. Insteelvane og Kringsjåvatnet vart på 60-talet overførte til Bjørndalsvatnet, i ein felles vassveg i tunnel, ca 2,5 km lang.

No ønskjer ein å nytte fallet frå vassinntaket i Insteelvane og ned til Store Øksendalsvatn, og byggje nytt kraftverk der. Auka netto kraftproduksjon i vassdraget blir i snitt 13,1 GWh/år. I tillegg vil kraftverket auke fleksibiliteten til Bjørndalen kraftverk, og nye Øksenelvane kraftverk som no skal byggjast. Når nye Øksenelvane kraftverk er ferdigstilt, vil det ha gjennomsnittleg kraftproduksjon med ca 173 GWh/år.


Eksisterande vassveg skal stort sett brukast, der ein koplpar på ein kortare, ca 200 m ny tunnel like aust for Bjørndalsvatnet. Siste strekningen ned mot nytt kraftverk, blir rørgate med ca 400m. Den skal leggjast i eksisterande anleggsveg.



Frå dam- og inntaksområdet ved Insteelvane, går vatnet via tunnel til Bjørndalsvatnet. No skal vatnet i staden leiast vidare ned til Storevatnet (Store Øksendalsvatnet), der det blir nytt kraftverk.



Detaljkart frå dam- og inntaksområdet i Insteelvane syner m.a. ny betongdam og vasspegel. Dam er knapt 70 m lang, med største høgde 2 m. Vasspegel aukar med ca 3,4 daa. Oppdemt volum blir ca 5,5 m³.



Detaljkart frå området med ny kraftstasjon, syner ny vassveg med raud strek, og ny kraftstasjon nede ved Store Øksendalsvatnet.

Insteelvane kraftstasjon skal knytast til 66kV-kabelen mellom Dauremål og Bjørndalen kraftstasjon. Det er ikkje forventet overskotsmasse i prosjektet, då tunnelmassen blir nytta til etablering av kraftverkstomt med kort tilkomstveg.

Øksendalsvassdraget har sia 50-talet vore sterkt prega av reguleringar til vasskraftproduksjon. Ifølgje søknaden om konsesjonspliktavurdering, vil gjennomføring av det aktuelle tiltaket marginalt auke samla belastning på området. Det er vist til at mykje av vassvegen alt er bygt, og at inngrep med kraftstasjon og rørgate vil skje i eit alt sterkt påverka område. Inntaket ligg i hei, og open vegetasjon, medan rørgate og kraftstasjon ligg i skog. I vurderinga heiter det at landskapet kan seiast å ha stor verdi, men er prega av infrastruktur og andre inngrep.

Vasspegelen ved Insteelvane vil bli dobla, men den estetiske endringa er vurdert til å vere liten, sidan sperredammen vil vere litt tilbaketrekt, og lite eksponert frå fjorden. Inngrepsfri natur (INON) vil ikkje bli redusert. Jf fylkesatlas er området eit viktig friluftsområde lokalt, regionalt og nasjonalt. Turgåarar brukar anleggsvegen frå Åskora, og viktigaste turmåla er Bukkenibba og Blånenibba (Gjengen). Tiltakshavar meiner verdien for friluftsliv ikkje vert minska.

Vurdering:

Planstatus

I gjeldande kommuneplan, arealdelen (KPA) vedteken i 2024, er tiltaksområda avsette til LNF-føremål – landbruks-, natur- og friluftsliv, der alle tiltak som ikkje knyter seg til tradisjonell landbruksdrift, krev dispensasjon eller planendring. Vassdraga er i planen avsette

til «Bruk og vern av sjå og vassdrag, med tilhøyrande strandsone (V). Dette er fleirbruksområde for natur, friluftsliv, ferdsel, farlei og fiske. Planlagde tiltak vil vere i strid med V-føremålet. Føresegnene til KPA har byggjegrænse 20 m frå vassdraga i tiltaksområda. Det trengst planavklaring før tiltaka kan utførast. Ein reknar med dette vil kunne gjerast ved søknad om dispensasjon frå KPA.

Tiltaka ligg innanfor eit større fjellområde med omsynssone friluftsliv, viktig, og der føresegnene til KPA seier at områda skal skjermast mot utbygging og andre tiltak som kan vere til ulempe for friluftsliv.



Utsnitt frå KPA. Insteelvane. Markør ved ny sperredam.

Orange skravur er aktsemdssoner for skred.



Utsnitt frå KPA. Store Øksendalsvatn. Markør ved nytt kraftverk.

Landskap, friluftsliv, naturressursar

Alt vatn frå Insteelvane er sidan 70-talet drenert til Bjørndalsvatnet, gjennom bekkeinntak (overføringstunnel). Det blir ikkje endring i vassføringsvariasjonar i høve denne situasjonen, heller ikkje for Kringsjåvatnet. Største landskapsverknaden i Insteelvane blir den oppdemte vasspegelen, med den mest 70 m lange dammen i nedkant. Vatnet og dammen vil ein sjå frå 400 m avstand, i dalen nedanfor den merka turruta til Gjeignalundsbreen og Blånibba. Det er og ei turrute via Insteelvane. Denne går langs fjellkanten der dammen er planlagt plassert, og går til f eks Gullsmedhytta, som er eit populært turmål. Dammen må planleggjast slik at stien til Gullsmedhytta ikkje blir sperra, og at den ikkje blir mindre trygg å gå enn i dag. Området ved planlagt dam er del av eit særmerkt landskap, og har fossefall i bakkant. Det er viktig at det ikkje blir unødig skjemma av inngrep Oppdemminga gjev øydelagd vegetasjon på dei ca 3,4 daa som blir neddemt. På nært hald vil dette vere skjemma, og småtre og busker bør derfor fjernast før oppdemming. Bekkeinntaket reknar ein med blir som i dag, men alt av betongkanten i samband med inntaket, bør fjernast.



Utsnitt frå turkart viser sti ved Insteelvane

markert med pil.

Største endringa i området ved Store Øksendalsvatnet vil vere opparbeiding av kraftverkstomta med stasjon, sidan rørgate med 1,6 m diameter, skal gravast ned i eksisterande veg. Ev overskot av massar i samband med dette, føreset ein blir planlagt plassert og arrondert slik at det gjev minst muleg endra landskap. Ein legg til grunn at ev slike deponi blir synte i detaljplanen for tiltaket. Kraftstasjonar har tradisjonelt vore planlagde for å framstå estetisk tiltalande i omgivnadane, og ein føreset at dette er eit mål også ved detaljprosjektering av dette anlegget. Bygget må underordne seg landskapet og tilpassast fargane i naturen i området. Her tek ein atterhald om reell utgreiing av flaumfare og snøskredfare, som kan påverke prosjekteringa av tomt og bygg. Også dette området ved Store Øksendalsvatn vil vere ein del ferdsel, også for friluftsliv, sjølv om det er eit område prega av mange tekniske inngrep.

I dei aktuelle tiltaksområda er det hjort, og ev beitande småfe. Ein reknar ikkje med at tiltaka vil gje vesentlege verknader for desse interessene innanfor jakt og husdyrhald, men det må takast omsyn i anleggstida.

Naturmangfald

I miljødirektoratet sin naturbase er det ikkje registrert særskilde naturtypar eller artar, i tiltaksområda. Det er heller ikkje registrert kulturminne. Tiltaksområda ved Insteelvane og det planlagde kraftverket, bør fagleg undersøkast for naturmangfald, før detaljplan blir utarbeidd. I høve innlandsfisk og ferskvassorganismar, føreset ein at det blir gjort ei fagleg vurdering etter vassforskrifta.

Samla vurdering

Det er positivt med auka kraftproduksjon, som gjev forholdsvis lite inngrep i vassdrag som alt er utbygde og regulerte. Det er og eit gode at tiltaket gjev betre fleksibilitet i drifta av Bjørndalen og nye Øksenelvane kraftverk. Det er likevel viktig at tiltaka, og den samla verknaden av desse, blir utgreidde, då dei ligg tett på eit viktig landskap og friluftsområde.

I utgangspunktet tenkjer vi at oppdemming som planlagt er eit tiltak som vil kunne vere til nemneverdig skade eller ulempe for allmenne interesser, og såleis skal konsesjonsbehandlast. Dersom planane for den planlagde oppdemminga viser at tiltaket ikkje råkar allmenne interesser som turstien ved Insteelvane, eller viktige naturtypar eller sårbare artar, har vi likevel ikkje synspunkt på spørsmålet om konsesjonsbehandling.

I samband med søknad om dispensasjon frå kommuneplan, kan kommunen setje vilkår for å ivareta allmenne interesser. I dispensasjonssaka er det viktig at tiltaket er detaljert planlagt, slik at det er muleg å vurdere verknadane av ein dispensasjon. Utgreiingar i høve naturmangfald og naturfare går ein ut frå ligg føre ved søknad om dispensasjon.

Anleggstida for tiltaket vil gje ulempar for Ålfoten, der den kommunale vegen er smal og mange stader uoversiktleg. Veggen er skuleveg. Det er til vanleg forholdsvis stor trafikk til og frå kraftverka i området, og dette vil bli forsterka i anleggstida. På smale strekningar må bilar passere gåande og syklande, som ev må stige ut av vegbana, der det er muleg. Tiltakshavar bør ha dialog med kommunen om bygdevegen, og bidra i høve betra trafikkforhold og bereevne. Det er ein forventning i så måte, grunna den store bruken tiltakshavar har av vegen gjennom bygda og fram til kraftverka.

Økonomiske konsekvensar av framlegg til vedtak:

Ikkje relevant i denne saka.